

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 17.11.17
SAKSHANDSAMAR: Leif Terje Alvestad
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett Helse Fonna HF 2018**

STYRESAK: **82/17**

STYREMØTE: **24.11.17**

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2018
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Innleiing

Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

Finansieringsgrunnlag

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	20 000	40 000
+ Avskrivning	130 339	128 513
+ Nedskrivning anleggsmidler i fjor	1 638	0
= Kontantstrøm fra driften	151 977	168 513
- Resultatawik fjoråret , eskl nedskrivninger	14 603	0
+ Opptak av nye lån	0	50 000
- Avdrag lån	-15 085	-15 085
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-8 863	-14 852
+ Salg av anleggsmidler	42	0
+ Gaver	0	0
+/- Likviditet overført fra i fjor	178 218	153 269
+/- annet	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	320 893	341 845

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018
ByggHgsd2020	87 624	200 000
Bygg	28 800	27 000
Medisinteknisk utstyr	40 000	25 000
Anna	11 200	8 000
Investeringsprosjekter overført fra i fjor	0	0
Sum investeringar	167 624	260 000
Overføring av "rest-likviditet" til året etter	153 269	81 845

Administrerande direktør ventar at finansieringsgrunnlaget til investeringar for 2018 vil bli 341,8 millionar kroner, inkludert lån over statsbudsjettet på 50 millionar kroner. Med eit investeringsbudsjett på 260,0 millionar kroner, inkludert 200 millionar kroner til ByggHgsd2020, vil ein kunne overføre 81,8 millionar kroner av finansieringsgrunnlaget til 2019. Dette vil vere med på å sette av kapital til vidare investering i nybygg.

Administrerande direktør justerte resultatprognosen for føretaket 2017 til 30 millionar kroner i sak 60/17. I langtidsbudsjettet, handsama av styret i Helse Fonna HF i sak 33/17, var det satt opp investeringar for 70 millionar i 2018, eksklusiv nybygg. Som følge av redusert prognose for 2017 foreslår administrerande direktør å redusere investeringsnivået til 60 millionar kroner i 2018 for å behalde likviditet og investeringsevne.

Investering ByggHgsd2020

Beløp i heile tusen kroner	Totalt			Totalt pr		
	ByggHgsd2020	2016	2017	2018	2018	2019-2023
Investering	1 928 571	35 600	87 624	200 000	323 224	1 605 347
Bruk av lån	1 350 000			50 000	50 000	1 300 000
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	578 571	35 600	87 624	150 000	273 224	305 347
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag					81 845	
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt					355 069	223 502

Ved utgangen av 2018 har Helse Fonna opptent eit finansieringsgrunnlag (inkludert brukt 273,2 millionar kroner til byggHaugesund 2020) på totalt 365,1 millionar kroner av eit totalt behov på 578,6 millionar kroner. Dei resterande 223,5 millionar kronene planlegg føretaket å tene opp i perioden 2019-2023.

Investeringsplan

Planlagt investering, eksklusiv ByggHgsd2020	Antatt budsjett
Investeringar i bygg	
Brannoppgraderingar	1,00 mill
Reinvestering i bygningar	12,60 mill
Ombyggingar for MTU installasjonar	4,70 mill
Helse miljø og sikkerheitstiltak	0,50 mill
<i>Sum investeringar i bygg</i>	<i>18,80 mill</i>
Investeringar i tekniske anlegg	
Reinvestering i tekniske anlegg	8,80 mill
<i>Sum investeringar i tekniske anlegg</i>	<i>8,80 mill</i>
Medisinsk teknisk utstyr (fordelinga mellom postane kan endrast)	2018
Enkeltinnkjøp over 5 millionar kroner (CT Haugesund)	10,0 mill
Strategiske investeringar / investeringar over minst 2 år. <ul style="list-style-type: none"> Autoklaver Stord og Odda Utstyr for endoskopi Infusjonspumper Grensesnittutstyr MTU vs IKT Utstyrsmodernisering Fertilitetseininga 	10,5 mill
Enkeltinnkjøp under 1 million 2018	4,5 mill
<i>Sum medisinsk teknisk utstyr</i>	<i>25,0 mill.</i>
Andre investeringar	
Ambulansar og administrative kjøretøy	6,50 mill
Anna utstyr	1,90 mill
<i>Sum andre investeringar</i>	<i>7,40 mill</i>
SUM investeringar 2018, eksklusiv ByggHgsd2020	60,0 mill

Bygg og anlegg:

Brannoppgraderingar

1. I fleire år har det vore gjennomført brannsikringstiltak ved Stord sjukehus og mange av tiltaka som kjem fram i handlingsplanen er lukka. Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre alle planlagde tiltak i

2017. Det vil derfor vere naudsynt å fortsette arbeidet med brannsikring ved Stord sjukehus i 2018 slik at samtlige tiltak som kjem fram i handlingsplanen blir ferdigstilt.

Reinvestering i bygningar og tekniske anlegg

Helse Vest RHF har gjennom styringsdokumentet sett krav om at føretaket skal utarbeida ein plan for forbetring av minimumstilstand for bygningane. I juni 2013 i sak 59/13 A blei føretakets plan for å nå minimumsstandard for føretakets bygningsmasse godkjend av styret i Helse Fonna HF.

Planen som er utarbeidd inneheld ein strategi for vedlikehald av bygningsmassen og er basert på at følgjande tiltak blir gjennomført:

- 1) Sanering og avhending
- 2) Arealutvikling og nybygg
- 3) Investeringsbudsjett
- 4) Drift- og vedlikehaldsbudsjett

I budsjettet har ein prioritert midlar til rehabilitering av eksisterande bygg og tekniske anlegg som er ferdig skreve ned i regnskapet (teknisk forelda). Prioriteringa er i samsvar med strategien om å redusere vedlikehaldsetterlepet og forbetra samla tilstandsgrad.

Reinvesteringar i bygningar

Taket på Søsterheimen ved Valen sjukehus er gammalt og det er naudsynt å foreta ei full rehabilitering. Målsetjinga er at tiltaket skal ferdigprosjekterast og kunngjerast på Databasen for offentlige anskaffingar (Doffin) ved årsskiftet. Planen er at sjølve tiltaket skal gjennomførast våren/sommaren 2018.

Det er behov for å rehabilitere taka på både nye Hordabu og nye Valemoen. Begge desse bygningane ble oppført på 1980 talet og det er naudsynt å rehabilitere taka. Målsetjinga er å gjennomføre rehabilitering av taket på eit av byggene i 2018 og det andre i 2019.

I 2017 ble det setje i verk eit arbeid med å rehabilitere baderom, avløpsrør og sanitærinstallasjonar i 3, 4 og 5 etasje midt-blokk ved Haugesund sjukehus. Arbeidet vil måtte gjennomførast over fleire år.

Ein har også vurdert det som naudsynt å foreta ei rehabilitering av bunnledningane (avløpsrør i grunn) ved Haugesund sjukehus. Rehabiliteringsarbeidet vil måtte gjennomførast over fleire år.

Murfasadane på G, H og K blokk ved Stord sjukehus vil bli rehabilitert før årsskiftet 2017. I tillegg har ein rehabilitert taka på desse bygningane. Målsetjinga er at ein i 2018 skal byrja arbeidet med utskifting av vindu og dørfelt blokkene. Ein vil truleg måtte vidareføre dette arbeidet i 2019 for å få ferdigstilt alle tre blokkene.

MTU ombygginger

Arbeidet med ombygging av lokala til ny MR ble påbyrja i 2017 og ferdigstillast i 2018. I samband med prosjektering av løysinga ble det konstantert at det var naudsynt å foreta ei større ombygging av eksisterande el kraft løysing. Dette har ført til endra framdrift i prosjektet samt ei betydelig auke i

kostnadsestimatet. Ny elkraftforsyning er ferdigprosjektert og arbeida ble påbyrja i okt/nov 2017. I følge planen vil ombyggingssprosjektet bli ferdigstilt i mars/april 2018.

Føretaket planlegg å skifte ut ein av dei eksisterande CT-ane ved Haugesund sjukehus. Om det vil være naudsynt å foreta bygningsmessige endringar i lokalet vil ikkje bli avklart før ein har inngått avtale med leverandøren av CT maskinen. I budsjettet er det sett av midlar til ein mindre ombygging dersom det skulle vise seg å være naudsynt.

Helse miljø og sikkerheit

Den overordna HMS handlingsplanen for føretaket har blitt oppdatert i løpet av 2017. Tiltaka som kjem fram i handlingsplanen er prioritert saman med vernetenesta. Målsetjinga er å gjennomføra dei høgast prioriterte tiltaka i handlingsplanen i 2018.

Tekniske anlegg:

Det er behov for å vidareføra arbeidet med å rehabilitere SD anlegg ved Haugesund og Stord sjukehus. Dette arbeidet vil måtte gjennomførast over fleire år.

Arbeidet med å rehabilitera adgangskontroll anlegga i Helse Fonna er påbyrja. Anlegga ved Stord og Valen sjukehus er rehabilitert. Målsetjinga er å fortsette arbeidet med rehabilitering av anlegget ved Haugesund sjukehus i 2018.

Det er behov for å rehabilitere varmesentralen ved nye Hordabu Valen sjukehus. I tillegg er det sett av budsjettmidlar til rehabilitering av infrastrukturelle anlegg i varmesentralen ved Odda sjukehus samt varmeanlegget ved Elevheimen i Odda.

Det er satt av midlar til å byrja prosjektering for rehabilitering av eksisterande energisentral (varme/kjølesentral) ved Haugesund sjukehus.

I budsjett er det også satt av midlar til å fortsette arbeidet med å skifta ut branndetektorar ved BUP Haugesund samt Odda og Valen sjukehus. Dette tiltaket vil måtte gå over fleire år.

Investeringar i medisinsk teknisk utstyr (MTU)

Investeringar i medisinsk teknisk utstyr for 2018 inneheld ein planlagt enkeltinvestering (CT Haugesund) over fem millionar kroner. CT må skiftast ut grunna overskriden teknisk levetid med låg bildekvalitet i forhold til nødvendig stråledose. Berekna kostnad er 10 millionar kroner.

Strategiske investeringar som er starta (investeringar/utskifting som strekk seg over to år eller meir) er på 10,5 millionar kroner, mellom anna ein full oppgradering av fertilitetseininga i forhold til dagens teknologiske standard.

Utover dette er der enkeltinvesteringar i utstyr under 1 million for 4,5 millionar kroner.

Det totale investeringsnivået for medisinsk teknisk utstyr er 25,0 millionar kroner i 2018.

Den endelige investeringsprofilen vil kunne endrast innanfor den økonomiske ramme for MTU investeringa.

Andre investeringar:

Kjøretøy

Det er i 2018 planlagt utskifting av tre ambulanseskjøretøy samt fleire administrative kjøretøy.

Anna utstyr

Sjukehusinnkjøp har satt i gang anbudsprosess for etablering av ny rammeavtale på pasientsengar. Ny avtale vil bli gjort gjeldande i frå 1. kvartal 2018. Føretaket har budsjettert med utskifting av fleire pasientsenger med tilhørande utstyr-

Føretaket har inngått avtale om leige av nye ambulanselokalar med Vindafjord kommune. Dei nye lokala vil være innflyttingsklare våren 2018. Det er i den samanheng sett av budsjettmidlar til kjøp av inventar til ambulansestasjonen.

Gevinstar ved investeringane

Dei årlige investeringane i Helse Fonna er i hovudsak erstatning av eksisterande anleggsmiddel og det er difor ikkje lagt inn forventingar til gevinstar på desse prosjekta. For ByggHgsd2020 er det lagt inn gevinstar på 40 millionar kroner i 2021, med ei opptrapping til 45 millionar i 2022, ref. sak 33/17 om langtidsbudsjett. For dei regionale IKT prosjekta er det samla lagt inn ein gevinst på 28,1 millionar kroner i 2018. Denne gevinsten er spesifisert ned på klinikknivå, men ikkje på alle dei ulike prosjekta.

Prosjekt	Total investering	Samla gevinstmål	Gevinst innarbeida i budsjett 2017	Handlingsplan og forankring	Kommentarar
<i>Byggeprosjekt:</i> ByggHgsd2020	1 928 571	45 000	-	Egen prosjektgruppe for gevinst realisering. Forankring mot styringsgruppen for ByggHgsd2020 og de faglige prosjektgruppene og OU prosessene. Innarbeidet i langtidsbudsjettet	Gevinstene er langtidsbudsjettet planlagt realisert fra 2021 etter nybygget er tatt i bruk
<i>MTU prosjekt:</i>	-	-	-		Ingen større nye MTU prosjekter. De årlige investeringene er i hovedsak erstatning av eksisterende MTU
<i>Andre større prosjekt:</i>					Ingen andre større prosjekt
<i>Regionale prosjektportefølje(IKT):</i> Heliks, Alle møter, Helse Vest Innkjøp	Investering i HV IKT		26 900	Innarbeidet i langtidsbudsjettet og fordelt ut på klinikkene	Gevinstene er ikke spesifisert pr prosjekt/gevinstområde
LIBRA	Investering i HV IKT		1 218	Detaljert gevinstrealiseringsplan behandlet i lokal styringsgrupp for LIBRA og presentert direktørgruppen	

Administrerende direktør vil følge opp framdrifta for prosjekta innan bygg, anlegg og resten av investeringane og fortløpande rapportere status til styret i Helse Fonna HF.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 14.11.17 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 15.11.17.